



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 Vestnes

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-20/00307	08.06.2022	114728/2022/REGULERINGSPLAN/1539	Johnny Loen, 71 28 02 43	23.08.2022

## Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Salmar genetics AS - gbnr 193/7 m.fl. - offentlig ettersyn - revidert fråsegn

*Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.*

### INNLEIING

Saka gjeld reguleringsplan for eksisterande klekkeri/stamfiskanlegg i Vågstranda. Vi viser til motsegn reist i brev 07.07.2022 og oppklarande møte om saka, 23.08.2022. Ut frå drøftingane i møtet sender vi med dette ei revidert fråsegn.

### MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Motsegna var knytt til at utviding av næringsarealet inneber bortfall av areal som i eldre kommuneplan er avsett til felles friareal i strandsona, og at dette i nytt planforslag ikkje er erstatta av tilsvarende friareal. Heimelen var omsyna til barn og unge og rikspolitiske retningslinjer om barn og unge i planlegginga, jamfør pbl § 1-1.

I møtet orienterte tiltakshavar om bakgrunnen for reguleringsframlegget. Dette har primært rot i at det er stilt krav i medhald av sektorlovverket til ulike typar oppgradering/tryggleikstiltak. Det var også orientert om at eksisterande anlegg har ligge på staden sidan 1985, og at føremålsgrenser i kommuneplanen ikkje speglar dei faktiske tilhøva på staden.

Friområdet har i praksis ikkje noko tilkomst slik situasjonen er i dag. Planframlegget sikrer dette, og sikrar i tillegg at eit nytt areal blir opparbeidd med leikeapparat, noko som kan vere ein kvalitet for nærliggande bustader.

Det vart også opplyst at planlagte oppgraderingar er avgjerande for fortsatt drift på anlegget, som har om lag 7 tilsette.

Vestnes kommune støttar tiltakshavar sine vurderingar.

Ut frå ei samla vurdering av saka og i lys av meir detaljert informasjon, vil vi trekke motsegna.

Vi vil likevel sterkt rå til at ein innarbeider eit krav i føresegnene som sikrar at avsluttinga på planlagt fylling mot friområdet får ei estetisk og god utforming, t.d med tørrmur.

### **KONKLUSJON**

Motsegn reist i brev 07.07.2022 blir med dette trekt. Vi viser til detaljert tekst ovanfor og ber om at vårt råd om føresegnene blir teke omsyn til før endeleg vedtak.

Med helsing

Gunn Randi Seime

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Kopi:  
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen  
Fiskeridirektoratet  
NVE  
Mattilsynet